

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 11.04.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Ingrid Dirdal  
**SAKA GJELD:** **Beslutningsforum - Årsoppsummering for 2015**

**ARKIVSAK:** 2016/2755  
**STYRESAK:** **066/16**

**STYREMØTE:** **04.05. 2016**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek årsoppsummeringa for 2015 frå Beslutningsforum til orientering.

## Oppsummering

Beslutningsforum legg kvart år fram ei oppsummering. I møtet 14.03.2016 blei Årsoppsummering for 2015 lagt fram og denne blei godkjent. Årsoppsummering 2015 er lagt ved denne saka.

## Fakta

*Det nasjonale systemet for innføring av nye «metodar i spesialisthelsetenesta»* blei innført i 2013-2014, jf. styresak 049/14. RHF-a fekk i oppdragsdokumentet for 2013 i oppgåve å medverke til etableringa av systemet, og Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har gitt RHF-a viktige oppgåver knytt til drift av systemet, avgjersler om nye metodar som skal vurderast, og kva for nye metodar som kan nyttast i spesialisthelsetenesta. Beslutningsforum vert leia av administrerande direktør i Helse Nord, Lars Vorland, som også leier det interregionale AD-møtet.

Det var 11 møte i Beslutningsforum for nye metoder i 2015. Det blei handsama 65 saker. I tillegg til formelle saker (godkjenning av innkalling, protokoll m. m.), referatssaker og nye legemiddel/metodar, var seks prinsipp saker oppe til vurdering. Av totalt 18 metodar/medikament som var til behandling i Beslutningsforum i 2015 blei 17 metodar/medikament avgjort å innførast, ei sak blei utsett. Det var ingen saker på vent til behandling pr. 31. desember 2015.

Gode strukturar for forhandlingar med leverandører er ein føresetnad for å oppnå akseptable prisar for nye legemiddel /metodar. I 2015 overtok Legemiddelinnkjøpssamarbeidet (LIS - ei avdeling i Helseforetakenes Innkjøpsservice AS HINAS) - ansvaret for forhandlingar med aktuelle leverandørar.

## Kommentarar

For tida er det fagdirektør Baard-Christian Schem i Helse Vest RHF som leiar det interregionale fagdirektørmøtet. Helse Vest har då sekretariatsfunksjon og koordinerer mellom anna arbeidet med å fremje ei anbefaling til Beslutningsforum. Det er knytt mykje arbeid til førebuing av sakene og til nødvendig informasjonsutveksling med dei ulike aktørane.

Frå 18.09.2015 har helsedirektør Bjørn Guldvog møtt som observatør i møta til Beslutningsforum. Samansetjing og organisering er elles uendra sidan 2014.

Det er viktig for aktørane i «*Nasjonalt system for innføring av nye metodar i spesialisthelsetenesta*» å effektivisere saksbehandlinga. Aktørane jobbar stadig med å styrke

rutinane for å kome i gang med metodevurderingane så tidleg som mogleg. Ein er i den samanheng også avhengig av å få dei dei farmasøytiske firma til å levere dei nødvendige data raskt slik at Statens legemiddelvert/Kunnskapssenteret i Folkehelseinstituttet får datagrunnlaget som er nødvendig for å gjere dei helseøkonomiske vurderingane.

## **Avslutning**

Det blir jobba med å få redusert den totale saksbehandlingstida i «*Nasjonalt system for innføring av nye metodar i spesialisthelsetenesta.*»

Vedlegg

1 Årsoppsummering 2015 - Beslutningsforum for nye metoder, signert